

Nedgang i eksportprisen for laks

Eksportprisen på fersk laks gjekk i påskeveka ned med 1,2 prosent samanlikna med veka før, viser tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Snittprisen er likevel framleis marginalt over 43 kroner kiloet. Som vanleg gjekk volumet ned i høgtidsveka, og stoppa på 8130 tonn. Eksportprisen på frosen laks gjorde eit hopp opp igjen frå låge 40,59 til 44,00 kroner kiloet, men volumet var beskjedne 299 tonn, ned frå 773 tonn veka før.

Vil satse på SMS framfor «sjuker»

■ Nødseth med brannfakkell

FLORØ: Jacob Nødseth vil ha fokus vekk frå sjølv-ve sjukehusbygget og over på kunnskap og kompetansen til SMS.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no

Det er kompetansen til fagfolk på Sunnfjord Medisinske Senter (SMS) og i Flora kommune som er Floras største og viktigaste komparative fordel, ikkje murklossen Florø sjukehus. Kommunen bør heller rette søkjelys mot å styrke miljøet kring Sunnfjord Medisinske Senter (SMS) Det er her vi som kommune bør satse i det vidare helsearbeidet og bygge opp nye tilbud, skriv Høgres fremste helsepolitikar i Flora og I. vara til Stortinget i ein kronikk i dagens Firdaposten.

Har støtte

I kronikken tek Nødseth til ordet for å løyse opp dei sterke bindingane til sjølv sjukehusbygget i kampen for å sikre meir aktivitet til Flora i samband med den

mykje omtalte Samhandlingsreformen.

Nødseth opplyser til Firdaposten at han har konferert både med ordførarkandidat Bengt Solheim-Olsen, og 3.-kandidat og Hanne Kristensen Husebø for han gjekk ut med utspelet.

– Eg oppfattar det slik at han har deira støtte. Han vil ikkje seie at sjukehuset er direkte ueigna.

Men det er ikkje best eigna for ei satsing på det som kan verte eit framtidig næringsjokehus. Best eigna er området ved SMS, seier Nødseth til Firdaposten.

Forskjellsbehandling

I kronikken dreg han dei store linjene fram til dagens sjakk matt om sjukehusbygget, der helse Førde prøver å selje, men der Flora kommune sit med trumfem som reguleringsmakt og kan stoppe alle forsøk.

Nødseth meiner og det er grov forskjellsbehandling når Nordfjordkommunarfår 75 millionar kroner i omstillingsmidlar i samband med nedbygginga ved Eid sjukehus, medan Flora fekk ing-

enting då næringsjokehuset vart avvikla.

Provosert

– Dette provoserer meg grovt. Aller helt burde Flora ha fått omstillingsmidlar Som eit minstemål burde kommunen ha fått sjukehusbygget, slik Högere har programfesta for kommunar som misser lokalsjukehus sine. Eg syns det er greitt at lokalsamfunn blir støtta. Men er det slik at innbyggjarane i Flora er mindre verd enn dei som bur i Eid kommune? spør Nødseth.

Støttar Førde

Han har fleire gonger for gått inn for ei styrking av Sentralsjukehuset. «Skal vi ha gode tilbud lokalt må vi også i Florø støtte sentralsjukehuset for elles må vi reise til Haukeland for den minste sak», skriv han.

Samstundes er Nødseth skeptisk til at samhandlingsreforma her i fylket berre vil verte brukt til å blåse meir liv i dei tre sjukehusa vi har att, og ikkje til ei samhandling mellom kommunane, slik meininga har vore.

Vil ha nasjonalt klimanettverk

LEIKANGER: Klima er eit område som blir stadig viktigare for fylkeskommunane. No tek Sogn og Fjordane initiativ til etablering av eit nasjonalt nettverk for tilsette som arbeider med klima.

JAN ROAR HATLEM
jan.roar.hatlem@firdaposten.no

Fylkeskommunen har invitert tilsette frå alle fylkeskommunane i landet til klimaseminar og nettverksamling på Leikanger i byrjinga av mai. – Vi tek dette initiativet fordi det ikkje finst noko

nettverk for alle dei som jobbar med klima i fylkeskommunane, fortel klimakoordinator Elisabeth Veivåg Helseth i ei pressemelding. Ho understrekar at alle kommunane i fylket også er invitert, og reknar med å samle om lag 35 personar på seminaret. Samlinga skal gå over to dagar. – Vi vil fyste dagen hovudsakleg fokusere på korleis vi kan redusere utslipp og tilpasse oss klimaendringane. På dag to skal vi drøfte kva vi vil med nettverket, kvifor vi treng det og korleis det kan fungere i praksis, seier Veivåg Helseth. Fylkeskommunalt Mil-



ENGASJERT: Elisabeth Veivåg Helseth er gira på klima.

jønettverk har tidlegare fungert som eit miljønettverk for fylkeskommunane, men det har hatt eit breiare fokus.



FRAMTID: Jacob Nødseth meiner eit styka helsetilbod i Florø og støtte til det sterke fagmiljøet.

GAUPEN • Vare, hest, båt, skap og yrkeshengere
• 50 modeller med total vekt 750 - 2.600 kg
www.gaupen.no

NYHET 2011
Nå med 13 nye yrkeshengere

Florø, Janco Bilrep
Tlf. 57 74 38 55

– MEST KJØPT –

Bestill EU-kontroll i dag!

690,-

Berge & Co AS
SERVICE GARANTI

Volkswagen Service

Berge & Co AS

Førde 24 03 18 00 – Florø 57 74 22 40 – Sogndal 57 67 57 00
Stryn 57 87 26 00 – Måløy 57 84 80 08

Treng meir parkeringsplass til folkeparken

Sørstrand Folkepark har søkt om lå få bruke eit område på nesten to mål ved folkeparken til parkering som frå før av er sett av til bustader i reguleringsplanen for området. Dei ventar seg ekstra tilstrøyming til området når det no ligg an til at dei stiftinga kan gå i gang med ganbruer frå den nye bade-stranda på Sørstrand til dei to holmane utanfor.